

Viktig for deg som har mjølkekvote

Søknadsfristane

Sal av grunnkvote	1. august
Andre endringar i kvoteforhold	1. oktober

Ver ute i god tid *før* søknadsfristen. Søknader postlagde eller sende via e-post etter fristen blir avvist.

- **Sal av grunnkvote – frist 1. august**
Det er berre *eigarar* av landbrukseigedom som kan selje kvote. Dersom det er fleire eigarar til landbrukseigedom, må begge/alle signere søknaden. Start førebuingane tidleg – det er mange vedlegg som skal følgje søknaden. Vi ynsker at du sender ein mest mogleg komplett søknad til oss. Dersom du ikkje får alle vedlegg på plass innan søknadsfristen, må du sende sjølve søknaden til oss innan fristen og skrive kva tid resten av vedlegga blir ettersendt.
- **Kva er andre endringar i kvoteforhold? – frist 1. oktober**
Døme på dette er kjøp av kvote frå staten, utleige av kvote, opphøyr av kvoteleige, oppløysing og utmelding frå felles føretak i mjølkeproduksjon.
- **Endringar i kvoteforhold som ikkje har søknadsfrist**
Døme på dette er flytting av produksjonsstad, samanslåing av kvote ved kjøp av tilleggsjord med kvote, flytting av kvote mellom eigedomar med same eigar innanfor same produksjonsregion, konvertering av geitemjølkkvote til kumjølkkvote og søknad om lokalforedlingskvote.

Søk via Altinn om kjøp og leige av kvote - tryggjast for deg og for oss

Fordelar med å søkje elektronisk:

- Du får kvittering på at vi har fått søknaden.
- Fram til søknaden er handsama, kan du slette eller endre den før søknadsfristen.
- Færre papirsøknader og betre datakvalitet effektiviserer arbeidet hos forvaltninga.

Vi opnar ikkje for å søkje elektronisk før jordbruksforhandlingane er slutførte. Dette av omsyn til eventuelle endringar som følgje av forhandlingane.

Søk om sal av grunnkvote og andre endringar i kvoteforhold på papir

Skjema finn du på vår heimeside: <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/melk/melkekvoter/skjema>. Dersom du sender søknaden som vedlegg til e-post til postmottak@landbruksdirektoratet.no, får du kvittering på at vi har fått e-posten. Ta vare på denne kvitteringa. Skal du sende inn fleire søknader samstundes, ber vi om at du berre sender ein søknad per e-post.

Landbruksdirektoratet tek ikkje ansvar for søknader som kjem bort i posten.

Handsaming av søknader

Søknader om sal, kjøp og leige av grunnkvote blir ikkje handsama før etter jordbruksforhandlingane er slutførte. Dette av omsyn til eventuelle endringar som følgje av forhandlingane.

Søknadene blir handsama fortløpande. Vi har stor pågang av desse søknadstypene og det må reknast med lang svartid. Når søknaden er ferdig handsama, vil du få svar i posten.

Kommunar som flytter til nytt fylke og dermed endrar produksjonsregion

Når kommunar endrar produksjonsregion som følgje av at kommunen flytter til nytt fylke, vil eksisterande kvoteleigeavtalar følgje med. Det vil også vere tillat å forlenge eksisterande leigeavtaler.

Dersom du skal inngå eit nytt leigeforhold eller selje grunnkvote, må dette skje innanfor den produksjonsregionen kommunen tilhøyrrer på søknadstidspunktet.

Ta kontakt med Landbruksdirektoratet dersom du har spørsmål om dette.

Brukarskifte i mjølkeproduksjon

Dersom du planlegg brukarskifte må du og ny brukar melde frå til meieriet i god tid før brukarskiftet skal skje. For å få produksjonstilskot for mjølkekyr må føretaket disponere mjølkekvote på telledato. Ver merksam på at mjølkekvoten må vere knytt til organisasjonsnummeret til føretaket som søker om produksjonstilskot.

Lurer du på noko?

Du finn meir informasjon på vår heimeside. Ta gjerne kontakt med oss på e-post melkekvoter@landbruksdirektoratet.no dersom du har spørsmål.